

# *BOKN BYGDABLAD*

NR 6 - SEPTEMBER 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## **10-ÅRS JUBILEUM FEIRA MED MARSIPANLAKS**

**SR-BANK markerte Loden Laks A/S sin tiårsdag den 24.august  
-94 med marsipankake på kantina.**

Midt i ei travel arbeidsøkt tok Svein Ove og Espen Alvestad saman med Arvid Jøsang seg ein liten time fri for å vera med på SR-Bank si markering av at det den 24. august i år var 10 år sidan dei hadde notert som startdato Loden Laks A/S. Dette markerte banken ved å ta med blomster og ei marsikankake forma som ein laks ut til Loden Laks si kantine. Med seg hadde banken både Bertha Våge som i 1984 var leiar for Bokn Sparebank, og bedriftskonsulent Dagfinn Pedersen ved SR-bank sitt regionkontor i Haugesund. Saman med ein av dei andre 3 aksjonarane - Steinar Alvestad og bygdabladet sin utsende fekk me alle forsyna oss av marsipankaka som var utforma som ein laks på fat. Denne laksen behøvde ikkje å sløyast. Tvert imot så var innvollane svært velsmakande, tilberedt av ein lokal meisterkonditor.

Under markeringa av 10-års jubileet sa banksjef Arne Hosaas at ut frå banken sine papir kunne han sjå at

Loden Laks A/S starta med ein konsesjon for laks og aure på 5 000 kubikkmeter. Årsproduksjonen var kalkulert til 80 tonn fisk til ein verdi av 2 mill. kroner. Til samanlikning kan nemnast at årsproduksjonen i fjor var på 10,5 mill. kroner.

Ved oppstarten var prisen på laks 32 kr. pr. kg. Seinare har det svinga ein del, men har faktisk ein gong vore oppe i 72 kr. pr. kg. For tida er ikkje kiloprisen høgare enn han var ved oppstarten for 10 år sidan.

I dag har Loden laks A/S konsesjon på 12 000 kubikkmeter.

Sjukdom (furunkulose) var i ein begrensa periode også eit problem for dette oppdrettet, men i dag er dette under kontroll, og restriksjonane om spesiell slakting og kontroll p.g.a. sjuk laks er oppheva. Dette at oppdrettet kan bruka meir enn ein lokalitet er ein fordel m.h.t. sjukdom, og vaksinen har betydd mykje.

Loden Laks A/S var av dei første  
framh. s.2

oppdretta her i distriktet, og det var også SR-bank sitt første skikkelege engasjement i denne bransjen i dette området av fylket.

Alle dei tre som arbeider ved Loden Laks A/S har fått fagbrev innafør faget akvakultur/matfisk.

SR-bank gratulerte bedrifta med 10 gode år, sjølv om nokre av åra har vore turbulente, så har det tross alt


vore god butikk.

I dag arbeider Loden Laks som alle andre anlegg kontinuerleg for å betra kvaliteten på laksen, og det går ein garantiseddell med kvar laks til eksport som oppgir næringsinnhald m.v. Dei største eksportmarknadene i dag er m.a. Japan, England, Frankrike, Tyskland og Spania.

*Slik ser ei side ut på ein av garantiseddellane:*

**CERTIFICATE OF INSPECTION**

We hereby certify that the fish from this fish farm meet with the rigorous quality criteria for Superior Norwegian Salmon and are subject to the quality control by the Norwegian Directorate of Fisheries.



NORWAY ROYAL SALMON A/S

*Odd Kleivishi*  
Chief Executive Officer

**Information sur la valeur nutritive du poisson:**  
3 onces, soit 85 g de saumon de l'Atlantique, cuit et net de déchets:

Valeur calorifique en kilocalories	130
Protéines en g	16
Lipides en g	8
Acides gras saturés en mg	2
Sodium en mg	48
Omega-3 en g	2

**Información sobre el valor nutritivo:**  
Una porción comestible de 85 gr de salmón atlántico, hervido.

Kilocalorías	130
Proteína	16 gr
Grasa	8 gr
Acidos grasos saturados	2 gr
Sodio	48 mgr
Omega - 3	2 gr

**Nährstoff-information:** Pro Portion reines, gekochtes Filet von norwegischem Lachs, 3 oz (85 g):


Kilokalorien	130
Protein, g	16
Fett, g	8
Gesättigte Fettsäuren, g	2
Natrium, mg	48
Ungesättigte Fettsäuren (Omega 3), g	2

**Nutrition information:**  
Atlantic Salmon 3 oz (85 g) edible portion, cooked.

Kilocalories	130
Protein, g	16
Fat, g	8
Saturated fatty acids, g	2
Sodium, mg	48
Omega - 3, g	2

**營養成分表**  
調理魚 大面 185 克 淨重

千卡 (Kcal)	130
蛋白質 (g)	16
脂肪 (g)	8
飽和脂肪 (g)	2
鈉 (mg)	48
Omega-3 (g)	2

I hereby guarantee this salmon to be genuine Superior Norwegian Salmon of the highest quality.

*Stein Ole Auresøed*

Loden Laks A/S  
4290 Bokn

Stein Ole Auresøed

# **SKULEKORPSET PÅ JUBILEUMSTUR**

*Eit av høgdepunkta i Bokn skulekorps sitt 30- års jubileum var for 20 av musikantane den fine turen me hadde til Scarborough, England frå 24.-30.juni.*

Dagen etter at skulen tok sommarferie, den 24. juni, møtte 20 musikantar og 6 vaksne opp på Arsvågen for å starte på ein fin jubileumstur til England.

Me reiste frå Stavanger fredag kl. 18.00 og var framme i Newcastle laurdag kl. 11.30 lokal tid. Lasset med bagasje og instrument var enormt på Arsvågen. Per Nesvik var med oss med eigen bagasjebil til Stavanger og fekk bagasjen rett inn i eigen container på ferja. Me bar mest ikkje bagasje og instrument på turen over og tilbake.

Turen over gjekk svært fint - veret var fint, alle var glade for endeleg å vere på tur. På turen til England var ikkje lugarane på 1. klasse, men me skulle jo berre sove litt i desse, så det spela mindre rolle - me tok det med godt humør. Det er mange danseglade musikantar i skulekorpset fekk me sjå -. I dei nye T-skjortene sine var dei lette å få auge på og dei dominerte i antall på dansegolvet til langt på kveld. Elles måtte jo nokon prøve speleautomatane og handle litt i butikkane ombord.

Då me kom fram til Newcastle i strålande sommarver, vart me møtt av ei blid jente , Karin, som stod klar i ankomsthallen med

«BOKEN SKULEKORPS» på magen. Ho var med oss til Scarborough og losa oss vel fram til hotellet der me skulle bu desse dagane. Der vart me møtt av Liz Webdale som hadde ansvaret for det faste programmet vårt i Scarborough og var vår kontaktperson der borte. Ho var ei utruleg gjestfri, blid og gild dame.

Turen frå Newcastle til Scarborough tok mest 3 timar, og etter ei kort natt for mange av oss, var det godt å sove litt på turen. Veggen gjekk gjennom lyngheiar og landskap som mest var jærsk, men og gjennom fin skog - m.a. Robin Hood skogen.

Vel framme på hotellet fekk me endeleg stelle oss litt, fekk middag og var så klar til å sjå litt på denne byen. Nokre av oss var med på ein båttur og fekk sjå byen frå sjøsida. Restane av slottet var eit særmerkt landemerke. Turen var grei nok, men me har nok litt betre standard på turbåtane her i Noreg. Resten av kvelden bruka me på å sjå oss omkring i byen. Eit stort tivoli frista mange og det var fin feriestemming i byen. I England var skulane ikkje slutt ennå og det var vanleg med ro ca. 23.00 i gatene. Dette passa ikkje ungdommane frå Bokn og underteikna tykte nok oppgåva som

sjølvoppnemnd reiseleiar var ei utfordring stor nok når sommarkvelden var lys og fin og ungdommane på boknavis helst hadde lyst til «å gå rundt». Det vart ro på vårt hotell også, men ikkje kl. 23.00 nokon av kveldane.

Seint oppe eller ikkje, alle møtte presis til frokost neste dag, blide og opplagte - dei var jo på tur. Frokost i England er eit kapittel for seg, men me vart mette kvar dag - cornflakes redda mange av oss. Denne dagen skulle me dessutan ha oppvising i sentrum i Scarborough og måtte finne ein stad å øve på marsjoppvisinga me skulle ha. Hotellet låg rett ved ein tennisbane som hadde sett betre dagar, men som var som skapt til øving på marsjering.

Oppvisinga midt i Scarborough sentrum var utruleg flott - midt i gågata hadde me fått anvist plass akkurat stor nok til marsjoppvisinga vår og programmet fekk mykje applaus. Musikkantane stilte i jubileums-T-skjortene og svarte bukser og gav ei fin framsyning. Me var ikkje lite stolte me foreldre akkurat då.

Resten av dagen bruka me i byen - me skulle jo handle òg. Sigrunn og Rita tok nokre med seg til eit badeland og hadde nokre fine timar der - det var full sommar mest som i Syden og difor var det godt med litt bading.

Dagen etter fekk me ei fin omvising på Scarborough slott som låg berre 10 minutt frå hotellet vårt, av ein lokal

guide. Han gav oss, på engelsk, ein fin og interessant time i ruinane på det gamle slottet.

Etter denne turen måtte me ha øving på programmet me skulle ha kl.

19.00 om kvelden. Me hadde meldt oss på «Norwegian Musical Evening» i Queen Street Methodist Hall, saman med 6 andre korps frå Noreg. Denne kvelden stilte musikkantane i full uniform - forresten det korpset som hadde dei finaste uniformane denne kvelden.

Me vann ikkje - tapte ikkje - plasseringa bryr me oss ikkje om.

Tysdag den 28. skulle me på tur til York heile dagen og ha

marsjoppvising. i ei av hovudgatene der. Me var fyrst innom York Mister Cathedral frå ca.1220 og fekk fin omvising av guiden vår Susan. Det var ei fantastisk kyrkje og eit besøk som gjorde inntrykk på oss alle.

Gradestokken denne dagen viste over 25 og uniformane var varme. Kl.

12.00 hadde me den siste musikalske oppgåva vår på turen. Me fekk vise marsjprogrammet vårt to gonger i St.

Sampsons Square. Plassen var som skapt til å vise eit slikt program, ein stor plass med trær og benker rundt der folk stod og sat rundt medan me viste programmet vårt. Det

publikumsvennlege marsjprogrammet med musikkantane i full uniform fekk stor applaus og det fortente jammen musikkantane i varmen. Etter dette fekk me uniformane av i bussen og fekk gå rundt i York - ein nydeleg by med si historie frå ca. år 71 f.

Kristus. Det var ein koseleg by med fine butikkar, mange turistar og fin

atmosfære. Kl. 16.00 skulle me vitje JORVIK VIKING CENTRE. Jorvik er vikingbyen som arkeologane har gravd fram under gata i Coppergate i York. Ei vitjing i Jorvik Viking Centre er som å gå ombord i ein tidsmaskin og reise bakover i tida - til England i vikingtida. Me fekk verkeleg ei oppleving av korleis det må ha vore å bu og arbeide i vikingbyen Jorvik, i alle fall for oss vikingar frå aust. Denne kvelden skulle Noreg spele VM-kamp mot Irland, og me ville sjølvsagt ha med oss den på hotellet om kvelden - resultatet kjenner alle - alle engelskmenn var irske denne kvelden og norske flagg vekte ikkje applaus akkurat.

Musikkantane var denne kvelden invitert på diskotek for alle korpsa som var i byen denne siste kvelden vår i byen. Dei som ikkje var på diskotek rusla rundt i Scarborough og gjorde det dei hadde lyst til - det var trist at besøket nå var mest slutt. Siste morgonen kom og me sjekka ut og tok farvel med eit koseleg vertskap på hotellet, blide Liz, fire gitar/guidar/venner av jentene våre - turen attende til Bokn var starta.

Me hadde lagt opp til å bruke denne dagen i Newcastle på Metro Centre - det største kjøpesenteret i Europa. Eit flott kjøpesenter, med butikkar av alle slag og så reint og fint at det var imponerende. Her fekk alle høve til å bruke resten av pengane sine om dei ville det. Me bruka fleire timar her og hadde eigen buss med sjåfør ståande

ved kjøpesenteret til å passa på bagasjen vår.

Båten frå Noreg var litt forsinka, men kl. ½ 9 om kvelden var me på veg heimover igjen og alle brukte denne siste kvelden på tur godt. Nå hadde me flotte lugarar og kunne retteleg kosa oss. Båten skulle vera i Stavanger på ettermiddagen neste dag, så opphaldet ombord gir god anledning til å bli kjent ombord på M/S «Venus». Nordsjøen var ikkje like blank denne natta som sist me reiste, men sjøsjuka var ikkje noko problem for oss. Nå skulle alle handle snop, kjøpe sminke, parfyme til å ha med heim. Og me gleda oss til å kome heim òg.

I Stavanger møtte May Bente oss med stor bil og fekk med seg instrument og bagasje heim att. Litt forsinka var me, men buss stod klar i Stavanger til å ta oss med til Mortavika - og reisa vidare den greidde me sjølv - jubileumsturen til Bokn skulekorps anno 1994 var slutt.

Nokre dagar etter at me var komen heim, ringde ho som har lagt opp turen til oss frå Winge Reisebyrå i Haugesund, til meg. Ho hadde nett hatt telefon frå vår Liz i Scarborough. Liz bad henne helse og sei vidare at det var ein utruleg fin gjeng dei hadde hatt på vitjing frå Bokn. Godt humør, fin disiplin, real oppførsel var ord ho hadde brukt om musikkantane. alle såg så trygge og glade ut og hadde vore utruleg glilde å ha ansvar for der borte.

Det var ein skikkeleg fin avslutning på turen vår og sette punktum på ei


fin jubileumsfeiring i Bokn skulekorps.

Ingjerd Thuestad.

NB! Dersom det er nokon som lurar på om dei vil begynne i skulekorpset

- det er ikkje for seint ennå - me treng særleg messingaspirantar. Ta kontakt med oss i korpset - du er velkomen til å vera med. Kom eventuelt på ei øving på torsdagane kl. 17.00 - 19.30 og få informasjon der.

### Kart over området i England der skulekorpset var på tur:



# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORSDAG : kl.10.00 - 13.30

## LESETIPS




### BARN OG UNGDOM

Horster, Hans Ulrich:  
Barn 312

Janosch:  
Tigeren og bjørnen  
i trafikken

Beskow, Elsa:  
Puttes eventyr i  
blåbærskogen

Formoe, Terje:  
Julius-kassetten



### VAKSNE

Sønsterby, Gunnar:  
Rapport fra nr.24  
(lydbok)

Manus, Max:  
Det blir alvor.  
Det vil helst  
gå godt.  
(lydbøker)

Irving, John:  
Sirkusbarn

Clark, Mary Higgins:  
Stemmenes rop

### KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
KANSJE DU HAR BØKER DU  
SKULLE VORE ATTENDE MED ?



# ***SOMMARMINNE FRÅ 2. KLASSINGANE:***

## **Sommarferien 1994**

Eg har hatt ein fin FERIE EG VAR I SOMMARLAND DER VI BUDDE PÅ HOTELL OG så var på hytta, og der vi ute og gjekk med påhengsen. Eg har bada mykje i år.

Hermund Kro.

## **Eit Sommer minne**

Eg var i Oslo På Ferie På Hytta.  
Eg bada møje vi var i Sverige.  
Eg var i burstag Til Christina.  
Eg såv Hos tante Liljan.  
Eg buSøkte ein Hund.  
Eg Hade Selskap På Hytta.  
Eg spiste møje is.

Kristina Faye 8 år 2. klase.

## **Eit SOMMAR MINE**

VI VAR I SKIeN.  
Og BADA og VAR i LeKeLAN  
Og PÅ KINO PÅ FAMILIEN FLINT  
og VAR I HØY BLÅKA og VAR  
PÅ TRAVLØP.

LARS - ØYVIND ALVESTA 2 KLASE

## **EIT SOMMARMINE**

HAR VÆRT I STAVANGER VI  
VAR I LYSEFJOREN OG I  
KONGEPARKEN OG HAVANA  
BADA MASE.

HILSEN RENE 8 år 2. KLASSE

## **EIT SOMMARMINE JENS**

VI SÅV PÅ MÅJ HOTEL OM  
MORGON SJØRTE VI TIL  
KRISTIANSAN  
NESTE MORGN SJØRTE VI TIL  
KONGEPARKEN  
SÅ SJØRTE VI JEM

JENS 8 ÅR 2. KLASE

## **EIT SOMMARMINE**

EG VAR I TØNSBÆRG OG EG  
LÅG I KEMPINGVOGN VI BADA  
MASSE FOR VI LÅG ATVED EIN  
STRAN OG SÅ REISTE VI PÅ  
HYTA  
VI VAR I BÅTEN OG FISKA  
MAMMA FIK FISK PÅ KROKEN  
OGSÅ DAT DEN AV SÅ HOYTE  
PAPPA. SÅ FIK VI DEN  
ALIKEVEL OG BROREN MIN FIK  
EN SIL.

JANNE 2. KLASSE

## **Eit sommarminne.**

Eg har bada møje.  
Eg har vore på båt tur.  
Eg var spent på korleis skulen va.  
Eg har åte masse is og jord bær.

Vibeke Borgenvik 8 år 2. kl.



## EIT SOMMERMINNE

I SOMMAR HAR EG BADA  
MASE OG EG HAR VORE PÅ  
VIGRESDAD OG DER VAR EG I  
SELSGAP TIL OLDEMOR OG. EG  
BLE KJENT MED EI JENTE SÅ  
VIGRESDAD OG HU VAR KJEK  
OG VAR ME OG  
HU VAR KJEK OG LEIKA MED  
OG ME VA PÅ OVASEN OG  
KJUPTE NYE SKULESKO  
OG EG HAR ÅTE MASE IS

HANNE 8 ÅR

## EIT SOMMARMINNE

Eg var i byen i tromsø og eg hade det  
kekt. og eg var på fjele og eg tokk  
heis. og eg så same kler. og når me  
sko heim var det 26 og 25 og 30  
krader.

Camilla 8 år 2. klasse.

## EIT SOMMARMINNE



EG VAR I KONGEPARKEN  
DET VAR KJEMPEGØY. JEG LÅG  
PÅ HOTEL SÅ REISTE VI TIL  
BADELAN DET VAR  
KJEMPEGØY. DA REISTE VI TIL  
HYTA.

MARITA 8 ÅR 2. KL

## ETT SOMMARMINNE

VI REISTE MED BÅT TIL ROMSA  
VI BADA MASE Å DER VAR DE  
MASE FOLK. KJERSTI DAT UTI  
SJØEN DET GIK IKKE BEDRE  
MED MEI JEJ HANG ITE BÅTEN  
OG KAJEN . RET NED FOR BI LÅ  
SJØEN.

SINDRE 8 ÅR.



### **BARN**

Hvert eneste barn er en kunstner.  
Vanskeligheten består i å bevare  
kunstnerevnene når det vokser opp.  
Pablo Picasso

# LANDSLEIREN PÅ SOLØR - 1994!



I sommar har speidarar frå Bokn, frå heila landet og frå ein del andre land vore på leir.

Bokn-speidarane reiste heimanfrå den 29. juli. Me køyrde 70 mil - 12 timar. Me hadde ein kjempefin tur.

Då me kom til Solør i Åsnes kommune i Hedmark fylke, byrja me å laga matbord og kjøkkenbenk med ein gong. På søndagen var det opningsseremoni, då var det knallvarmt, så med ein gong den var ferdig bar det til Glomma. I Glomma bada me nesten kvar dag. Det vart seld masse is og brus, så kioskvarene vart utselde med ein gong.

På leiren var det mange aktivitetar. Den eine var at me skulle slå ein verdsrekord. Den gjekk ut på å laga verdas lengste grillspyd, og det klarde me. Grillspydet vart ca. 1,2 kilometer langt.

Haiken me skulle på i Finnskog vart avlyst p.g.a. skogbrannfare. I staden vart haiken langs Glomma. Me hadde det kjempekjekt, for me kunne gjera kva me ville - for leiarane var igjen i leiren.

Kvar morgon var det flaggheis og bibeltime - og kvar morgon vakna me til musikk - leirsongen. Kvar kveld hadde me leirbål. Då optrådde forskjellige folk, dei hadde sketsjar osv.

På leiren var det fine doer og Bokn fekk ein dag dei måtte vaska doa og Brit sa seg villig til å vaska.

John Øvrebø starta sin eigen fanklubb. Viss nokon ville vera med måtte dei betala 10 kroner. Og pengane gjekk til Rwanda.

Heimturen gjekk bra. Me kom heim søndag den 6. august kl. 22.00. Me hadde ein kjempekjekk leir.

Helsing 3 speidarar.



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

# KULTURKALENDEREN

## FORANDRINGAR:

I TIMEPLANEN PÅ SKULEN ETTER KL. 14.00 bytar *SKULEKORPSET* om aktivitetane sine på måndag og torsdag. Dette får inga betydning for planen, og skulekorpset held altså fram med hovudøvinga si på torsdagane - som før.

Dans/show 17. september går ut. I staden arrangerer *BOKN DISKOTEK* dans/show 12. november med "*LEIF & KOMPISANE*" ( sjå eiga omtale ).

*KORLEIS FÅ TAK I KALENDEREN*  
Fleire har spurt etter kulturkalenderen

i sommar, og "Bokn bygdablad" - abonnentar som ikkje bur i kommunen kan få kalenderen ved å henvenda seg til kulturkontoret. Kalenderen kostar kr. 20,- for dei som ikkje bur i kommunen.

Kulturkalenderen, som blir sendt alle husstandar i Bokn, kjem neste gong ut i slutten av desember. Han vil då ta for seg perioden januar-august 1995. Då får me også håpa at trykkeriet skriv litt betre nynorsk enn dei gjorde denne gong. Det vil seinare i haust bli satt ein frist for innlevering av materiell til neste kalender.

## ROGALAND HISTORIE- OG ÆTTESOGELAG

*Rogaland Historie- og Ættesogelag* er fylkesorganisasjonen til dei i Rogaland som er interesserte i den lokale by- og bygdehistoria og i slektshistoria. Det overordna målet til laget er å leita opp røtene våre og sjå korleis dei er festa. Ved å kjenna fortida til heimstaden din, veit du kvifor han er som han er. Ved å kjenna forfedrane dine vil du vita meir om kvifor du har det som du har det.

Viss du meiner at det å kjenna eigne røter gir betre feste i tilværet,

bør du kanskje melda deg inn i Rogaland Historie- og Ættesogelag.

Eg kjenner ikkje til at kommunen har eit lokalt ættesogelag, men der er boknarar som er medlemmer i fylkeslaget. Kanskje er der interesse for eit lokalt lag?

Kulturkontoret kan hjelpa deg å melda deg viss du er interessert. Her er brosjyrer som m.a. fortel deg om alle medlemsfordelene.

TA KONTAKT!

# LEIF & KOMPISANE TIL BOKN!

Laurdag 12 november kjem det kjende stavangerbandet *LEIF & KOMPISANE* til Bokn for å spela opp til dans. "Leif & kompisane" har nyleg gitt ut CD'en "*KANON BEIBI*", og er i full med planlegginga av ny CD. Dei har og gitt ut ein LP for ni år sidan, der ein blandt anna finn den velkjende låta "*Eg hette Jan og drikke tran*". Det er heller ikkje nokon vits å leggja skjul på at nokon av medlemmene har ei fortid i "Mods" og "Vestlandsfanden". Musikkstilen deira er også deretter, og alt tyder på at musikken og underhaldninga skulle falla i smak hos dei fleste.

Det kjem til å bli *FORHÅNDSSAL* av billettar, og me rådar alle til å vera tidleg ute. Grunnen er at det ikkje blir billettsal på arrangementsdagen. Billettane er enno ikkje klare, men me har allerede mottatt fleire bestillingar.

Bestillingar kan gjerast på tlf. 52 72 32 96 (*Bjørn*) eller 52 74 83 41 (*Marie*), og billettane blir delte ut når dei føreligg. Billettane vil kosta 120 kroner pr. stk.

**VEL MØTT TIL "ÅRETS DANS" PÅ BOKN,**

med vennleg helsing Bokn Diskotek.



## **KOR E' "BRASSEN"- MØTE**

Bokn skule, 6.sept kl. 20.00 på kjøkkenet.

Bokn Brass, som blir 15 år i 1995, er klar til oppstart.

Du er hjarteleg velkomen til samspel og samvær i korpset.

- styret -

## **LEIRBÅLSKVELD**

med speidarane.

I fortsettinga av Friluftslivets år 1993 har me i veke 37 Friluftslivets veke.

I samband med dette vil speidarane på Bokn invitera alle til leirbålskveld i stranda ved Knarholmen tysdag den 13.09 kl. 18.00.

Det vert leirbålsunderhaldning og servering av fruktsuppe og pannekaker.



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77


# UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING TURNÈ

Trond Gunnar Christiansen skal vera med på fylkesturnèen til UKM. Det er under fylkesmønstringa at ein jury tar ut ungdommar til denne turnèen. Songen og gitarspelet til Trond Gunnar i kjærlighetsballaden "*BARE DU*" gjorde slik inntrykk på juryen at han blei tatt ut!

21 ungdommar frå kommunane Bokn, Sandnes, Stavanger, Strand og Tysvær skal i veke 39 ha 6 forestillingar rundt om i fylket -

fortrinnsvis på ungdomsskular. Den 29. september skal Tysvær få besøk, og då skulle det vera anledning for interesserte boknarar å få meg seg dette.

Når det gjeld *UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 94/95* er det ikkje så lenge til me startar opp med det. No når ungdom frå Bokn er med på fylkesturnè blir det ekstra gøy å vera med!



---

Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

## ***FEIING AV PIPER***

Alle piper skal feies i år.

Feiingen vil foregå i løpet av september/oktober.

Den enkelte huseier vil bli kontaktet av feieren på forhånd.

Dersom tidspunktet ikke passer kan ny tid avtales med feieren.

**Brannsjefen**

## ***MED SANITETEN TIL SKÅNEVIK***

Tysdag den 16. august var dagen då det bar i vei.

Med Saniteteten på tur, me lurte på kva ver det blei.

Dagen opprant med nydeleg ver.

Så det var ikkje grunn til å vera sur og ser.

Klokka 9 med buss frå Føresvik det bar.

Og sjåføren det var ein kjekke kar.

Han plukka opp alle som hadde lyst å vera med.

38 i talet, me var fornøgd med det.

Så kjørte me mot Skånevik, ein stopp på Knapphus me måtte ha.

Litt is og brus og strekkja litt på beina - det gjorde veldig bra.

Så bar det vidare i nydeleg natur.

Det var riktig kjekt å vera på tur.

Etter cirka 2 timar var me framme ved målet.

såpass køyretur måtte me tåle.

På Skånevik Fjordhotel me kom til

dekka bord.

Både middag og dessert fekk mange gode ord.

Mens me venta på kaffien som skulle vera klokka 3,

ville nokon gå og sjå seg om og nokon ha ro og fred.

Koss andre bur og lever er veldig kjekt å sjå.

Og nokon fant seg noko å bruka pengar på.

Heim igjen skulle me køyra ein annan veg.

Så det var nok nokon som grua seg.

For fleire svingar og smalare veg det er ikkje noko som fristar deg.


Men turen heim gjekk kjempebra

Så hadde me jo Målfrid som les frå eit bla'.

Inger Sønnøve ho takka alle som var med på tur i år.

Og håpa og at mange ville vera med til neste år.

Elly B.



## **TURISME I BOKN:**

### **TYSKARANE DOMINERER**

Det ser ut som om det er fleire og fleire også i Bokn som har hytteutleige som ei attåttnæring i turistsesongen. Mange leiger berre ut si eiga hytte når ho er ledig, mens andre har fleire hytter berekna for utleige.

Folk flest har oppdaga at det stadig er meir turistar i Bokn på sommaren, og då særleg tyskarar. Dei fleste av desse leiger hytte.

Leiv Våga er blant dei som leiger ut hytter. Han seier til bygdabladet at det ikkje har vore nokon auke i pågangen frå tyskarar i forhold til i fjor. Dette er også det inntrykket han har fått frå andre som leiger ut hytter.

Svanhild og Sigmund Alvestad har i år den første sesongen kor dei kunne avertera med ekte gardscamping, både med leilighet på garden, og for campingturistar med telt, campingvogn eller bubil. Svanhild Alvestad seier til bygdabladet at det etter forholda har vore bra med turistar. Særleg merka dei auka pågang etter at dei fekk skikkeleg skilting. Då kom turistane med ein gong. Dei har også hatt mest tyske turistar, men også nordmenn og andre nasjonalitetar. Campingplassen deira er berekna for dei som vil ha det stilt og roleg, og mange ynskjer å stoppa også på slike plasser

## **HJORT**

### **HJORTEJEGERAR I BOKN !**

Det er kome melding frå  
Direktoratet for  
Naturforvaltning/ Fylkesmannen  
i Rogaland at det av  
budsjettmessige årsaker ikkje  
skal samlast inn kjevar/  
livmor frå hjort fellet i jakta  
i år.

Vi minner om :  
Jakttid hjort : 10/9 - 25/9  
10/10 - 15/11

Jakttid rådyr : 25/9 - 23/12  
Vaksen råbuk : 16/8 - 24/9

## **KOMPOST**

### **KOMPOSTKASSE TIL VARMKOMPOSTERING.**

Det er 3 kompostkassar igjen  
av dei kommunen har kjøpt inn.

Er du intressert ta kontakt  
med teknisk etat el.  
miljøvernleiar.

Kassen kostar kr. 1065,-  
(utsalg kr. 16-1700).

# **BRUK BANKEN**

*-Kanskje får du pengar att på skatten?*

*Sjølvs om renta er lågare enn før, lønner det seg å spara.  
Banken kan også gje råd om og ordna med alternative plasseringsmåtar,  
s.s. aksjefond, obligasjonsfond o.l.*

*-Kanskje du får restskatt?*

*Ein personkreditt eller kanskje refinansiering kan vera aktuelt. Kom gjerne innom.*

*-Lurer du på om du har råd å investere?*

*Banken har økonomimodellar og kan gje råd og rettleiing vedrørande dette.*

*-Har du spørsmål vedr. økonomiske forhold knytta til: pant, kausjon, tinglysing, arv, skifte, samboarforhold, skilsmisse, leige/eige m.m.?  
Banken kan gi råd og rettleiing om det meste.*

*-Ønskjer du kanskje berre ein økonomigjennomgang for å sjå om du har innretta deg best muleg på det økonomiske området?  
Banken kan også hjelpe deg med dette.*

**V I I BANKEN STÅR TIL TENESTE , OG ALLE RÅD OG  
RETTLEIING ER GRATIS**



## **BOKN RØDE KORS**

har gitt kr. 9.200 til Rwanda  
aksjonen

## **BASAR**

Bokn Røde Kors har basar på  
Bokn skule den 1. oktober kl.  
14.00



# SPØRJEUNDERSØKING

## MILJØ- OG NATURRESSURSPROGRAM.

### TREKNING AV PREMIAR !

Responsen på spørreundersøkinga i samband med utsendinga av miljø- og naturressursprogrammet til alle husstandane var (som kanskje venta..) skuffande låg. Mange tykte visst det var for omfattande og for komplisert å sette seg inn i...?!


Dei svara kommunen har fått er imidlertid grundige og gjennomtenkte !! Desse svara vil bli lagt med høyringsuttaalelsane frå dei offentlege innstansane.

### PREMIAR GÅR TIL :

1. premie: Mona Faye
2. premie: Arvid K. Jøsang
3. premie: Hans Ovidth
4. premie: Reidar Alvestad
5. premie: Marie Vatnaland

1. Premie. Gåvekort kr. 1000,-

2-5. Bokpremie.



husmannsplass  
med tronge kår  
slit og strev  
i alle år  
smått for smale  
smått for fe  
smått for  
alle ongane  
veglaus jord  
storm og kav  
regn frå nord  
og opprørd hav

nå som minnebok  
i skinn  
solnedgang  
i mange bind

## **BOKN IDRETTSLAG INFORMERER:**

### **"KOM I FORM"**

DET BLE STARTET JOGGEKURS 24.8.94.

ALLE SOM VIL KAN DELTA "GAMMEL OG UNG", MØT OPP PÅ SKULEN ONSDAGER KL. 20.00 OG BLI MED.

ANSVARLIG : HELGE KRISTIAN NILSSEN.

IDRETTSLAGET HAR KURSKATALOGER FOR HØSTENS NYE KURSER .

HVIS DET ER NOEN SOM ER INTERESSERT, OG SOM KANSKJE VILLE SATSET VIDERE.. -TA KONTAKT MED EN AV OSS I STYRET !

### **4 - BRUERSLØPET 26.6.94**

TOTAL DELTAGELSE PÅ LØPET 327 MOT 334 I 1993

82 DELTAKERE PÅ LØP MOT 113 I 1993.

BARE 3 BOKNERE DELTOK PÅ LØP:

HELGE KRISTIAN NILSEN

JOHANNES SVENDSEN OG

ANDOR BORGENVIK

HÅPER PÅ STOR DELTAGELSE PÅ JOGGEKURSET I HØST, SLIK AT TRENDEN KAN SNU TIL NESTE ÅR.

VÆRET VAR FLOTT FOR LØPERE OG MARSJERE, MEN FOR UTEKAFÈ KUNNE DET VÆRT BEDRE. LØPET FUNGERTE GREIT, MEN DET ER STADIG TING VI KAN FORBEDRE FOR HVERT ÅR.

### **UTEDANS PÅ ARE 30.7.94**

ENDELIG FIKK VI PRØVE HVORDAN DET KUNNE VÆRE Å ARRANGERE UTEDANS PÅ ARE...

B.I.L ,BOKN RØDE KORS OG BOKN SWING KLUBB GIKK SAMMEN OM DETTE ARRANGEMENTET.

VÆRET VAR KJEMPEFLOTT, SÅ ALT VAR PERFEKT TIL UTEDANS.

VAKTHOLDET FUNGERTE VELDIG GODT.

250 BETALENDE "DANSERE", MEN DET ER PLESS TIL FLERE HUNDRE TIL...

HVIS VI PRØVER IGJEN KAN VI KANSKJE REKLAMERE MER, OGSÅ MÅ VI UNGÅ KOLLISJON MED RENNESØYS FISKEFESTIVAL SOM ER SISTE HELG I JULI HVERT ÅR.

### **HØST DANS 15.10.94**

IDRETTSLAGET ARRANGERER DANS I HØSTFERIEN..

DET BLIR UNDERHOLDNING AV STEINAR LYSE MED LYSE ØYEBLIKK..

DUOEN SUSAN OG HANS BORGE FRA SKUDESNES SPILLER OPP TIL DANS ETTERPÅ.

## BAGVOGN TIL SALGS

tlf. 52 74 85 25

## KEYBOARD

Kawai SS 620 som nytt til salgs  
tlf. 52 74 85 90

## BIL

Toyota dx 1982 mod. 150 000 km. til  
salgs  
tlf. 52 74 86 08/ 946 15509

## RYFYLKE-FRUKT

Plommer t.s. assorterte sorter.  
Leveres i Bokn.  
Senere også epler og pærer.  
tlf. 51 75 07 54 Trond Kjellesvik

## HUSTOMT

Til salgs i Alvestadkroken  
tlf. 52 74 83 43

## KLÆR

Firma Stenvaag Jensen kjem med  
klær den 29. september på  
Torsdagstreffet, Allrommet kl. 11-13.

## HÅRFIXEN

*Nå som Hårfixen har åpnet  
igjen mottas all bestilling  
på salongen  
tlf. 52 74 86 05*

*Mona*

## BARNEVAKT

Voksen pålitelig barnevakt ønskes til  
å passe to jenter av og til i ukene.  
Tlf. 52 74 86 91

## PRAKTIKANT LEDIG

Eg har ikkje fått skuleplass i år -  
ynskjer derfor jobb som praktikant.  
Ring Kristin på tlf. 52 74 85 61

## MISJONSFEST

NMS har misjonsfest på Bokn  
Bedehus søndag 4. sept. kl. 19.00.  
Misj.prest Helge Gaard og misjonær  
Björg Mydland blir med.

## BOKN BYGDABLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373 07 00305

### BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,  
Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-  
Halv side: kr. 150,-  
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonsar: KR. 10,-

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg.

**LENSMANN**  
Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10 - 12 i Boknatun

**LANDBRUKSKONTORET**  
Kvar fredag kontordag i Boknatun

**FOTPLEIE**  
Onsdag den 14. september.  
Påmelding tlf. 52 74 85 00.

Takk for oppmerksomheten ved 50  
års dagen min.  
Helsing Ståle

Takk til alle som hugsa meg på 80  
års dagen min.  
Helsing Klara.

Takk til alle som hugsa meg på 80  
års dagen .  
Helsing Agnes.

# BARNETRIMMEN

DET BLIR BARNETRIM IGJEN 6.9.94 I GYMSALEN PÅ SKULEN.  
3-5 ÅRINGENE MØTER KL. 16.00 - 16.45.  
5-7 ÅRINGENE MØTER KL. 16.45 - 17.30.  
BARN UNDER 3 ÅR ER VELKOMNE I FØLGE MED EN "VOKSEN".  
MØT OPP NYE OG GAMLE MEDLEMMER, VI LEKER OG HAR DET MORO.

HILSEN MAY JORUNN OG LAILA

# DAMETRIM!

**DAMETRIMMEN STARTER OPP IGJEN ONSDAG 31.8.94**  
**I GYMSALEN KL. 20.30 - 21.30.**  
**NYE OG GAMLE "TRIMMERE" ER VELKOMNE TIL EN**  
**NY TRIM-SESONG.**

HILSEN LIV LIE